

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret

Møtestad: kommunehuset

Møtedato: 15.02.2007

Tid: 17.00-21.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 21 , inkl. 3 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Frode Bjørnås

Elin Liøen

Inge Aasgaard

I staden møtte:

Jan Ove Haga

Reidun Abotnes kom kl. 18.30 og deltok i sak 01/07

Ole Totland kom til 19.45 under sak 02/07

Hjørdis Tysse

Andre som var tilstade på møtet: Konsulent Magda Haugen under sak 01/07,
Kommunekasserar Per Eikestad var med ved handsaming av sakene 02 - 03/07.

Merknader: Magda Haugen var ugild i sak 05/07 som var handsama som første sak.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 19. februar 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Saklista vart godkjent med følgjande endringar; sak 05/07 vert handsama før sak 01/07.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Jon Magne Bøgevik hadde følgjande merknader: Det er protokollert ei anna handsaming av sakene enn den opphavlege saklista. Bøgevik kunne ikkje sjå at protokollen følgjer den endra saklista. Han peika også på at eit framlegg i økonomiplanen frå Framstegspartiet er ikkje kome med i protokollen. Administrasjonen rettar protokollen i høve til at eit framlegg ikkje er protokollert; sjå vedlegg av framlegg frå PØ som vart fremja på nytt i kommunestyret. Når det gjeld endringar på saklista vert dette protokollert, men det vert ikkje endringar i høve til det opphavlege oppsett og kronologien og nummereringa av sakene.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Helge Reistad og Nils Gåsdal vart valte til å skrive under møteprotokollen ilag med ordføraren.

UTVALET SITT KVARTER:

Bright Olav Gåsdal sette fram følgjande spørsmål: ”Har Samnanger kommune spesielle virkemiddel til å rekruttere sjukepleiarar til kommunen., jfr Personalpol.retningsliner §5.2.” Ordføraren orienterte om at det vert arbeidd med denne saka på fleire område. Det er ein god dialog med dei tillitsvalde der ulike spørsmål knytt til turnuslegging m.a. er vurdert.

Øyvind Røen stilte spørsmål om: ”PPT og status for samarbeidsavtalen med Os.” Han ønska sterkt ei politisk drøfting av denne saka, og han meinte at administrasjonen ikkje hadde informert politikarane godt nok.

Adm.sjefen orienterte om at kommunen har ein intensjonsavtale med Os om at Samnanger skal ha eit PPT samarbeid med dei. Kommunen kjøper i 2007 PP-Tenester av Vaksdal kommune. Årsaka til at kjøp av PPT frå Os kommune er forsinka, er pga ei utsetting av NAV-kontoret der. Det er difor ikkje ledig kontorkapasitet til å auke opp PPT-kontoret der ute. I mai 2007 skal dette vere avklart i følgje intensjonsavtalen. Adm.sjefen viste elles til delegasjonsreglementet der opplæringslova er delegert til administrasjonen, som har følgd opp dette.

Audhild Olsnes var bekymra for biblioteket sitt areal, og ho stilte spørsmål om kor stor plass utbygging av heissjakta vil ta. Adm.sjefen orienterte om at heissjakta går ned til biblioteket og at sjølve sjakta i dag vert brukt til bibliotekmagasin. Bibliotekmagasinet må flyttast til andre lokalitetar når heisen vert etablert. Oppstart av arbeidet med heisen er knytt til sal av Frøland skule (jfr. budsjett 2007)

Olaug Øystese stilte spørsmål om det er tilstykkeleg med plassar på Samnangerheimen. Ordføraren viste til at kommunen hadde plassar om lag på statleg norm. Adm.sjefen viste til at det skal lagast ein eldreplan i 2007 der spørsmål om tal plassar, standarden på plassane m.m. vil verte teke opp.

Arne Jørgensen stilte spørsmål om kommunen har vurdert å ha kontroll for å hindre korrupsjon. Han ønska og at kommunestyret skulle få ei orientering og få innsyn i kommunen sitt internkontrollsystem.

Adm.sjefen orienterte om at det er sett i gang eit arbeid/ein diskusjon om etiske retningslinjer og spørsmål knytt til system for å hindra korrupsjon m.m. Det vert m.a. sett på om dei etiske retningslinjene til kommunen er gode nok, evt. om det skal gjerast presiseringar i desse. Eit debatthefte frå KS vert nytta i arbeidet.

Sigmund Dyrhoveden viste til klimameldinga som er lagt fram og til dei alvorlege spørsmåla som der er tekne opp. Han peika på at me alle kan gjera noko og at kommunen må vera medviten ansvaret sitt. Kommunen må vera oppteken av spørsmålet og søkja å redusera energibruken i sine bygg. Gjerde skule var eit godt døme i så måte.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ordføraren orienterte om at ho skal til Oslo for å representere Samnanger kommune i Kong Harald og Dronning Sonja sitt 70-årsjubileum den 23 februar. Oslo kommune er vertskap.

Det vart orientert om arbeidet til kommunen i høve til Helse Bergen og ambulansesituasjonen i kommunen.

Ad hoc utval bestående av dei politiske gruppeleiarane starta i dag den 15. februar sitt arbeid med å etablere retningslinjer for politikargodtgjersler. Personalsjefen er sekretær for dette arbeidet.

Naturutvalet starta i møte 14.02.07 arbeidet med gjennomgang av dei kommunale vegane. Intensjonen er å få avklara om vegar i kommunen skal få endra status.

Adm.sjefen la fram budsjettkontroll 1. kvartal. Rammetilskot og skatteanslaget er budsjettert for høgt. Ein avventar situasjonen noko, endeleg folketal pr. 1.1.2007 som dannar grunnlaget for rammetilskotet vert kjend i slutten av februar. Det er og interessant å sjå skatteutviklinga for landet sett under eitt. Det er budsjettert med for høg pris på konsesjonskrafta. Her vurderar administrasjonen at denne må setjast ned ved første høve, dvs. på neste møte i kommunestyret. Når det gjeld driftsutgiftene er det varsla ei renteauke. Tilsvarende auke på renteinntektene kan mest truleg dekkje dette. Elles vart det varsla om meirutgifter på IKT pga nødvendig innleige av eksterne konsulentar i samband med uføresett nettverksstans. Administrasjonen vil halda ekstra oppsyn med kostnadane innan IKT, og om naudsynt vil ein be om ekstra løyving.

Det vart og orientert om rekneskapsresultatet for 2006 som er på knapt 3,5 mill. Ekstra inntekter frå sal av konsesjonskraft gjer sitt til overskotet. I tillegg er det tidlegare i 2006 sett av 2 mill. på fond av meirinntekter frå sal av på konsesjonskraft.

Adm.sjefen orienterte om status for planlegging av bustadfelt på Lønnebakken og "Erikajorda". I budsjettet for 2007 er det sett av midlar til planlegging men ikkje til grunnkjøp. Grunneigarar på "Erikajorda" har meldt frå til kommunen at dei ønskjer å selje sitt område til kommunen, medan dei på Lønnebakken ikkje har kome til endeleg avgjer på dette. Eit grunnkjøp av "Erikajorda" og finansiering må handsamast av kommunestyret som eiga sak.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/07	03/00052 RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE
0002/07	07/00026 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON
0003/07	02/00400 GODKJENNING AV BYGGJEREKNEKSKAP FOR SVØMMEBASSENG
0004/07	06/00193 RV 48 - FORSKOTTERING AV MIDLAR
0005/07	05/00302 FORLENGING AV PERMISJON FRÅ KOMMUNALE VERV - MAGDA HAUGEN

0001/07

RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE

###

Handsaming i møte:

Reidun Abotnes kom til under handsaminga av saka, og deltok i møtet frå kl. 18.30-19.00. Under røystinga var det 20 representantar.

Liv Berit Khadoor (Ap) sette fram følgjande framlegg:” pkt. 6.4. Tiltaksoversikt – ½ stilling som rusførebyggande konsulent (utekontakt) takast inn i økonomiplanen for 2008. ½ stilling frå hausten 2007, vert å ta frå tilleggsløyvingskontoen, som skal ha hovudfokus på rusførebyggande arbeid.”

Fellesframlegg frå Krf og SP sett fram av Sigmund Dyrhovden:

1. I føreord: Sløyfa ordet *få* i setninga ”Dei fleste går det bra med, men for nokre *få* går det riktig ”gale” s.a. setninga blir: ”Dei fleste går det bra med, men for nokre går det riktig ”gale” .
2. S.13 punkt 5.2.2: Endra til: Arbeida for å hindra at unge tek i bruk rusmiddel.”
3. s.13 punkt 5.2.4: Endra til : Arbeida for å redusera alkoholbruken til dei vaksne.”

Etter drøftingar trekte Khadoor sitt framlegg og kom med følgjande nytt framlegg:

1. ” Kommunestyret får lagt fram ei sak til neste møte der administrasjonen greier ut vilkår og følgjer ved å oppretta ei ny stilling med hovudmål å arbeida med gjennomføring av tiltak i ruspolitisk plan.
2. For 2007 vert kr. 10.000 teke frå tilleggsløyvingskontoen og sett på konto for førebyggande edruskapsarbeid knt. 1.3200.2331. Vidare vert kr. 10.000 årleg innarbeidd i økonomiplanen.”

Det vart først røysta over framlegget til Khadoor pkt 1. Framlegget vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta punktvis over fellesframlegget til Krf og Sp. Pkt 1 var vedteke med 15 mot 5 røyster. Pkt 2 vart vedteke med 18 mot 2 røyster. Pkt. 3 vart vedteke med 12 mot 8 røyster.

Deretter vart det røysta over Khadoor sitt framlegg pkt 2, som vart samrøystes vedteke. Til slutt vart det røysta over planen med framlegg til vedtak og dei vedtekne endringane, som vart samrøyses vedteken.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek Ruspolitisk handlingsplan med vedtekne endringar frå oppvekst og omsorg vist i presentasjon og med vedtekne endringar slik dei ligg føre nedanfor:

1. Kommunestyret får lagt fram ei sak til neste møte der administrasjonen greier ut vilkår og følgjer ved å oppretta ei ny stilling med hovudmål å arbeida med gjennomføring av tiltak i ruspolitisk plan.

2. I føreord: Sløyfa ordet *få* i setninga ”Dei fleste går det bra med, men for nokre *få* går det riktig ”gale” s.a. setninga blir: ”Dei fleste går det bra med, men for nokre går det riktig ”gale” .
3. S.13 punkt 5.2.2: Endra til: Arbeida for å hindra at unge tek i bruk rusmiddel.
4. s.13 punkt 5.2.4: Endra til : Arbeida for å redusera alkoholbruken til dei vaksne.
5. For 2007 vert kr. 10.000 teke frå tilleggs løyvingsskontoen og sett på konto for førebyggjande edruskapsarbeid knt. 1.3200.2331. Vidare vert kr. 10.000 årleg innarbeidd i økonomiplanen.

0002/07

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Framlegg til vedtak::

Plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik han ligg føre med følgjande presiseringar og korrigeringar:

1. Avsnitt om planverk s.3 vert endra slik:

Samnanger kommune har dei siste åra arbeidd med å revidera kommuneplanen.

Når det gjeld arealdelen i planen har kommunen vektlagt brei innbyggjarmedverknad med m.a. folkemøte i alle grendene i kommunen. Det kom inn mange innspel.

Naturutvalet har vore styringsgruppe. Arealplanen vart vedteken i kommunestyret 22.06.05 Samfunnsdelen i kommuneplanen vert handsama i kommunestyret i april. Her og har det vore lagt opp til brei deltaking. Politikarar, tilsette v/tillitsvalde og ulike innbyggjargrupper har vore inviterte med i grupper og ”framtidswerkstader”. Her har PØ-utvalet, gruppeleiarar frå H og Sp og adm.leiargruppe vore styringsgruppe. Kommunevåpenet med dei seks dråpane har hatt stort fokus.

Samnanger kommune er elles med i fleire nettverksammarbeid i KS-regi. Det har og jamleg vore gjennomført ulike brukar- og medarbeidarundersøkingar innan skule- og pleie- og omsorgssektoren. Kommunen har fokus på evaluerings- og oppfølgingsprosessar knytt til desse undersøkingane.

Kommunestyret har i ”Personalpolitiske retningslinjer” bestemt at det skal gjennomførast medarbeidar- og utviklingssamtalar i organisasjonen. Desse samtalanene har no prioritet.

Kommunen har ein aktiv bruk av KOSTRA, m.a. er dette synleg i årsmelding og budsjettarbeid.

Frå politisk og administrativt hald kjem det tydeleg signal om at det er behov for auka ressursar til vidare plan- og utviklingsarbeid i kommunen.

Kommunestyret sette av midlar i budsjettet for 2007 til m.a. strandsonenplan, kulturplan, ulike bustadplanar og plan for bu og dagsenter for funksjonshemma.

Ruspolitisk handlingsplan er endeleg inne i slutfasen no. Det har kome mange flotte innspel frå ulike høyringspartar som har gitt uttale.

2. Framlegg til prioritering.

Med bakgrunn i k.st. vedtak i budsjett 2007 vert følgjande prioritert: Forvaltningskontroll for områda bemanning og kompetanse i teknisk eining og i sentraladministrasjonen.

Kontrollutvalet og PØ-utvalet samarbeider om gjennomføringa av denne konkrete forvaltningskontrollen.

Kontrollutvalet har det formelle og overordna ansvaret i høve til forskrift for kontrollutvalet.

3. Kommunestyret vil sjølv foreta eventuelle endringar eller omprioriteringar i planen. Jfr. § 10 i forskrift om kontrollutvalet.

Handsaming i møte:

Ole Totland kom til under handsaminga av saka, kl. 19.45. Det var 21 representantar under røystinga av saka.

Siste del pkt. 2 vart kommunestyret samd om at det skal lagast tidsplan og nærare prioriteringar for arbeidet.

PØ sitt framlegg med innsett av ovannemnde vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik han ligg føre med følgjande presiseringar og korrigeringar:

1. Avsnitt om planverk s.3 vert endra slik:

Samnanger kommune har dei siste åra arbeidd med å revidera kommuneplanen.

Når det gjeld arealdelen i planen har kommunen vektlagt brei innbyggjarmedverknad med m.a. folkemøte i alle grendene i kommunen. Det kom inn mange innspel.

Naturutvalet har vore styringsgruppe. Arealplanen vart vedteken i kommunestyret 22.06.05 Samfunnsdelen i kommuneplanen vert handsama i kommunestyret i april. Her og har det vore lagt opp til brei deltaking. Politikarar, tilsette v/tillitsvalde og ulike innbyggjargrupper har vore inviterte med i grupper og "framtidswerkstader". Her har PØ-utvalet, gruppeleiarar frå H og Sp og adm.leiargruppe vore styringsgruppe. Kommunevåpenet med dei seks dråpane har hatt stort fokus.

Samnanger kommune er elles med i fleire nettverksamarbeid i KS-regi. Det har og jamleg vore gjennomført ulike brukar- og medarbeidarundersøkingar innan skule- og pleie- og omsorgssektoren. Kommunen har fokus på evaluerings- og oppfølgingsprosessar knytt til desse undersøkingane.

Kommunestyret har i "Personalpolitiske retningslinjer" bestemt at det skal gjennomførast medarbeidar- og utviklingssamtalar i organisasjonen. Desse samtalan har no prioritet.

Kommunen har ein aktiv bruk av KOSTRA, m.a. er dette synleg i årsmelding og budsjettarbeid.

Frå politisk og administrativt hald kjem det tydeleg signal om at det er behov for auka ressursar til vidare plan- og utviklingsarbeid i kommunen.

Kommunestyret sette av midlar i budsjettet for 2007 til m.a. strandsoneplan, kulturplan, ulike bustadplanar og plan for bu og dagsenter for funksjonshemma.

Ruspolitisk handlingsplan er endeleg inne i sluttfasen no. Det har kome mange flotte innspel frå ulike høyringspartar som har gitt uttale.

2. Framlegg til prioritering.

Med bakgrunn i k.st. vedtak i budsjett 2007 vert følgjande prioritert: Forvaltningskontroll for områda bemanning og kompetanse i teknisk eining og i sentraladministrasjonen.

Kontrollutvalet og PØ-utvalet samarbeider om gjennomføringa av denne konkrete forvaltningskontrollen. Det skal lagast tidsplan og setjast opp nærmare prioriteringar. Kontrollutvalet har det formelle og overordna ansvaret i høve til forskrift for kontrollutvalet.

3. Kommunestyret vil sjølv foreta eventuelle endringar eller omprioriteringar i planen. Jfr. § 10 i forskrift om kontrollutvalet.

0003/07

GODKJENNING AV BYGGJEREKNEKSKAP FOR SVØMMEBASSENG

Framlegg til vedtak:: Byggjerekneskapen for symjebassenget vert godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i møte:

Sture Tveit (H) sette fram følgjande framlegg: ”Byggjerekneskapen for symjebassenget vert godkjent slik det ligg føre.

Saka vert oversendt kontrollutvalet for vurdering og kontroll av prosedyrar ved gjennomgang av byggjesaker og rekneskapstal (tilleggsarbeid ect.).

PØ får fullmakt til å løyva dei midlane som trengs for ein gjennomgang av denne saka.”

Det vart røysta alternativt over PØ sitt framlegg og Tveit sitt framlegg.

Framlegget frå Tveit vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Byggjerekneskapen for symjebassenget vert godkjent slik det ligg føre.

Saka vert oversendt kontrollutvalet for vurdering og kontroll av prosedyrar ved gjennomgang av byggjesaker og rekneskapstal (tilleggsarbeid ect.).

PØ får fullmakt til å løyva dei midlane som trengs for ein gjennomgang av denne saka.

0004/07

RV 48 - FORSKOTTERING AV MIDLAR

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune går sterkt inn for at tunnel bak Ytre Tysse vert bygt straks Moshovdatunnelen på Rv 48 i Fusa er ferdig.

Kommunen vil samarbeida med kommunane Fusa og Kvinnherad for å få vegstyresmaktene til å finansiera og gjennomføra tiltaket i gjeldande NTP-periode som går ut i 2016.”

Jon Magne Bogevik sette fram følgjande fellesframlegg (Frp, Sp, Krf, Bgl og H):

- ” Med bakgrunn i kommunestyrevedtak 016/06 arbeider Vegnemnda vidare i lag med aktuelle samarbeidspartnarar med **søknad om forskottering** av tunnel bak Tysse på RV 48.
- Samnanger kommune garanterer for ein forskottering på 5 mill. Det vert teke opp eitt avdragsfritt lån i løpet av 2010, og årleg renteutgifter på inntil 400.000 (alt etter rentesats) vert innarbeid i økonomiplanen frå og med 2011. ” Næringsfondet skal nyttast.
- Det nye kommunestyret(2007-2011) vurderer fortløpande garantibeløpet frå kommunen i prosessen vidare.

Øyvind Røen ba om gruppemøte.

Debatten fortsette. Møtet vart deretter mellombels heva., og siste setning i andre pkt. og siste pkt. i Bogevik sitt framlegg vart teke ut.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. 6 røysta for Gåsdal sitt framlegg og 15 røysta for fellesframlegget.

Vedtak:

- Med bakgrunn i kommunestyrevedtak 016/06 arbeider Vegnemnda vidare i lag med aktuelle samarbeidspartnar med **søknad om forskottering** av tunnel bak Tysse på RV 48.
- Samnanger kommune garanterer for ein forskottering på 5 mill. Det vert teke opp eitt avdragsfritt lån i løpet av 2010, og årleg renteutgifter på inntil 400.000 (alt etter rentesats) vert innarbeid i økonomiplanen frå og med 2011.

0005/07

FORLENGING AV PERMISJON FRÅ KOMMUNALE VERV - MAGDA HAUGEN

Framlegg til vedtak.:

Handsaming i møte:

Magda Haugen bad om å verte ugild i saka. Ho vart samrøystes funnen ugild og gjekk ifrå. Vidar Roland gjekk inn i staden for henne.

Geir Markhus sette fram følgjande framlegg:” Magda Haugen får permisjon frå sine politiske verv i Samnanger kommune med unntak av hennar verv som fast medlem i BIR klagenemd ut valperioden. Varafolk går inn som tidlegare i dei ulike verva ho har.”

I debatten vart det påpeika at det i vervet i klagenemnda for BIR også burde koma inn vararepresentant. Nils Gåsdal er vararepresentant i dag.

Med denne korrigeringa vart framlegget samrøystes vedteke.

Vedtak:

Magda Haugen får permisjon frå sine politiske verv i Samnanger kommune. Varafolk går inn som tidlegare i dei ulike verva ho har. I tillegg går Nils Gåsdal inn som representant for Samnanger kommune i klagenemnda i BIR.